



TIL MINNE.

Harald Knutsen, Grasmyr har fått heimlov 65 år gamal etter eit kort sjukeleie.

Då vi ønskte han god tur til Lofoten for nokre veker sidan, verka han tilsynelatande frisk og kjekk. Vi tenkte ikkje på at det skulle bli den siste reise for han. No har han kasta anker i ei anna verd «I ly for brenningens vover».

Døden kom så brått. Likevel blei Harald ikkje overrumpla av denne siste fienden. Han hadde gjeve sitt liv, sitt alt over i Jesu sterke hender, og mang ein gong har han vitna for oss med Ap. Paulus: «Enten eg lever eller dør, så hører eg Herren til».

Mannen visste kven han trudde på, og var eit levande vitne for Jesus Kristus i tale og ferd, både i heimen, mellom arbeidskameratane og i samværa om Guds ord. Det blir eit stort sagn i Misj. Sambandsforeininga der han var formann og ein tru tenar.

I dei ca. 10 åra som har gått sidan Knutsen og kona hans kom til Grasmyr, har den gilde heimen stått til disposisjon for Guds rikes arbeid på jorda. Mange er det som har nytt godt av dennes gjestfrie heimen. Vi som fekk den gleda å vera der, merka den usynlege gjesten.

Når det gjeld vårt samfunn, såg han med otte på den moralskåndelege situasjonen, og han rekna derfor med «Kristeleg folkeparti» som ein viktig faktor i det politiske livet.

No er han flytta, men det er trøst for oss i det han sa i livet at han lengta etter det fullkomne Guds rike og lengta etter å sjå Jesus og bli han lik.

Det lyste eit kors over hans liv, og ved dette korset har han vunne. Hans liv minner oss om å stå fast i striden til også vi har nådd målet.

Guds fred i Jesu namn, over hans minne!

O. M.